

## Private skular er bra for ein kommune!

Av Helge Vatne, fungerande generalsekretær i Kristne Friskolers Forbund (KFF)

Benedicte Kragh frå Arbeidarpartiet duellerer med Iril Schau Johansen frå Høgre om kommuneøkonomien i Voss, kan vi lese i avisa Hordaland. Nokre sverdslag siktar mot private skular. Vi etterlyser meir presisjon.

Kristne Friskolers Forbund (KFF) set pris på at friskular er tema i valkampen, men vi trur alle er tente med at fakta om både dei økonomiske tilhøva og anna kjem fram. Realiteten er nemleg at Voss herad har mykje å tene på å få ein ny friskole i Voss, og ikkje minst ein kristen skole, sett med våre auge! Her er ein gjennomgang av situasjonen.

Staten gjev bidrag til kommunar ut frå folketal. Desse tala justerast opp og ned ut frå alderssamansetning med meir. Barn i skolealder trekk tilskotet opp, for desse skal ha skole, og det kostar. Dersom eit barn i skolealder forlèt den kommunale skolen, må rimelegvis tilskotet frå staten til kommunen justerast ned. Flyttar eleven ut av kommunen, forsvinn heile den statlege overføringa for barnet. Men om barnet forlèt den offentlege skolen for å starte på ein friskole, får kommunen behalde 20% av det det ein elev kostar. Det er statlege pengar utan eigentleg ei utgiftsside dersom kommunen tilpassar skoletilbodet til det faktiske talet på elevar som dei har.

Alle kommunar må frå tid til anna renovere og byggje nytt. Aukar elevtalet år for år, aukar kommunen sine investeringar i skolebygg. Og motsett når elevtalet går ned. Dei langsiktige sidene ved økonomien må også sjåast på når ein vurderer konsekvensane av å få ein friskole i kommunen.

Friskular får svært lite i statleg støtte til investeringar i skulebygg. Her er det foreldrebetalinga som bergar økonomien. Samla sett får ein altså meir skulebygg for mindre skattepengar når friskular etablerast i ein kommune.

Men den viktigaste føremonen for ein kommune når det kjem ein ny friskole tufta på religiøst grunnlag eller på ei anerkjend pedagogisk retning, er at foreldre i kommunen kan få gjere det valet menneskerettane seier at dei skal kunne gjere. Ein av konvensjonane som er tatt med i den norske menneskerettslova, Den europeiske menneskerettskonvensjon (EMK), seier følgjande i 1. tilleggsprotokoll art 2: «Funksjoner staten påtar seg i utdanning og undervisning, skal den utøve med respekt for foreldres rett til å sikre slik utdanning og undervisning i samsvar med deres religiøse og filosofiske overbevisning.»

Dersom Arbeiderpartiet på Voss meiner staten yter for lite til kommunar som mister elevar til skular som det er ein menneskerett å kunne velje, så bør dei ta dette opp med partikollegaer i Regjeringa. KFF meiner det er rett og rimeleg at kommunen får nok pengar. Men kvar kommune må sjølvsagt sjå til at dei driv økonomisk forsvarleg ut frå det talet på elevar dei har. Unødvendig få elevar i kvar klasse er fint for elevane, men dyrt!